



sted, legg fram rapport. Biletet i bakgrunnen viser då EØS-avtalen vart underskriven. Foto: Scanpix

gjev EUs lovverk automatisk verknad i Noreg. Men Noreg er folkerettsleg forplikta til å tilpassa sitt eige lovverk til EUs lover på heile det feltet som avtalen omfattar. Samstundes er Noreg rettsleg forplikta til å retta seg etter avgjerdene i dei overnasjonale domstolane i tvistesaker. Norske domstolar har i tillegg valt å leggja seg nær opp til rettsforståinga til EFTA/EU-domstolane, mellom anna for å spara Noreg for eit folkerettsleg problem i tilhøvet til EU. Difor er det i praksis liten skilnad på den rolla den overnasjonale retten har i sjølve EU-området og for Noreg som EØS-land. Utvalet seier treffande at EU-retten gjennom EØS, Schengen og dei andre avtalane har slått inn som ei bølge av tidevatn i norsk rett. Dei kallar utviklinga «ein stille revolusjon», fordi verknadene har vore så store, merksemda så låg og debatten så svak.

EØS-avtalen gjev Noreg eit uomtvisteleg demokratiproblem, som mottakar av eit omfattande regelverk utan særleg påverknad på innhaldet. Gjennom EØS driv Noreg *outsourcing* av mykje tung lovgjevingsverksmd. Utvalet ser både fordelar og ulemper og er ikkje heilt samde om totalvurderinga. Dei slit med standardar å måla utviklinga mot, sidan både full medlemskap og ei meir sveitsisk løysing har ukjende pluss- og minussider. Demokratiproblemet i EØS er likevel til å leva

med, gjeve dei politisk reelle alternativa og med aktiv utnytting av vetorett og rettsleg tolkingsrom.

SAMSTEMDE OM MEDLEMSKAP

Men utvalet er ikkje kome til arbeidet utan etablerte syn på EU-spørsmåla. Fleirtalet er stort sett EU-tilhengjarar som står saman i dei fleste vurderingar. Dissentar er fyrst og fremst Dag Seierstad, som distanserer seg med meir EU- og EØS-kritiske syn heile utgreiinga igjennom. På nokre punkt får han følgje av Liv Monica Stubholt og stundom av Kate Hansen Bundt. Slik måtte det verta. Det meir interessante er kor samstemt heile utvalet er i mange analysar og diagnosar. Det grunnleggjande synet på ein upåakta revolusjon med radikal maktforskyving har dei felles.

Og kvifor har norske politikarar og veljarar akseptert dette? Forklaringa her er den same som då Noreg vippte ein annan veg enn Sverige i folkerøystingane i 1994: Fordi det førebels går så utruleg bra i Noreg. Det er ressursrikdom og eit vellukka forvaltningsregime som ligg bak dette, før som under EØS-avtalen. Då vert demokratiproblema og den ein-sidede avhengigheita ikkje berre vane, men noko litt fjernt og abstrakt. Vi er ikkje eingong tungt råka av eurokrisa.

Øyvind Østerud er professor i statsvitskap ved Universitetet i Oslo.



Ytringsfridom heime og ute

Er det upassande, støytande eller på annan måte usømeleg når eit dansk teater eitt år, ein måned og ein dag etter 22. juli 2011 vil setje opp eit teaterstykkje om Anders Behring Breivik? Reaksjonane har vore sterke både på norsk, dansk og anna internasjonalt hald. Det danske Caféteatret vert skulda for å ha spekulative motiv for å setje opp eit stykkje «Breivik-teater», talspersonar for pårørande meiner det må stogkast, og leiaren for Norsk Skuespillerforbund meiner det er for tidleg, og at det ville vere utenkjeleg i Norge. Ikkje veit eg korleis Breivik-traumet vil prege media og samfunnsdebatten i Norge på den danske premieredagen 23. august, men når vi alle-reie i eit halvt år, og før rettssaka til våren, kvar skapte dag har vore teppebomba av Breivik-stoff i alle medium, forum og eg veit ikkje kva, kjem oppstyret om eit teaterstykkje i Danmark i eit underleg lys. I avisa Politiken framstår både teatersjefen og Breivik-skodespelaren som seriøse menneske som vil bruke teatret til å reise eksistensielle spørsmål. I ei rundspørjing i avisa svarar den norske psykiater og forfattar Finn Skårderud på spørsmålet om det er for tidleg: «Breivik-saka lét etter seg eit massivt behov for å erkjenne. Vi må bruke kvart høve til å sjå om vi kan forstå *meir*. Eg tykkjer ikkje nokon skal opptre som kjenslepoliti og seie at det er for tidleg. For det handlar om kunst og om å søkje forståing.»

Han får støtte frå både klerikalt og kulturelt hald, mens Jan Guillou seier at det etter karikatursriden har vorte ein dansk mani å teste den såkalla ytringsfridomen på ein dårleg måte. Mens den nye norske parallellen no er om Breivik skal få lov til å gje ut boka han sit og skriv i fengslet og attpåtil kan tene pengar på. Ingen forlag har meldt seg som aktuelle, Justisdepartementet vurderer å lage lov mot slike bøker (!), mens ein klok Per Edgar Kokkvold er skeptisk til å hindre bok-utgjeving med jus, men meiner det må vere eit ansvar for forlagsbransjen å ha ein høg nok etisk standard til å unngå å gje ut slike bøker. På toppen av alt kan Dagbladet fortelje at Anders Behring Breivik også kan *tene pengar* på den danske teateroppsetjinga. Og alt dette kjem til oss etter at ekstreme norske islamistar med ein mislukka demonstrasjon framfor Stortinget står åleine også blant sine egne, etter utspel som nesten verka som taima til PST-sjefens sorti, etter at ho før lekaskjen om mogleg norsk spionasje i Pakistan råka henne, oppsummerte at det trass i Breivik-massakren framleis er faren for islamistisk terror som utgjer den viktigaste delen av det såkalla trusselbiletet i Norge.

I eit stort oppslått intervju med teatersjef Christian Lollike og skodespelaren Olaf Høigaard seier Lollike om Breivik-monologen at «vi trur at vi kan få dei vanvitige kortslutningane til å framstå som avskrekkinge». Dei har begge lese det 1500 sider store manifestet som monologen til Høigaard byggjer på, og seier at «dersom denne framsyninga gjer berre eit milligram synleg kva som hende og kvifor det hende, tykkjer eg det er eit forsvarleg og konstruktivt prosjekt». På spørsmål om det er å skape endå større merksemd om Breiviks tankar, er svaret at dei ikkje er ute etter å lage propaganda. «I periodar har eg tenkt at Brei-

Er bruken av eit manifest heile verda kjenner innhaldet til, umogleg og usømeleg i ei teateroppsetjing i august, i eit anna land?

vik er heilt vanvitig, men det slår ein jo kor tilsynelatande normal han verkar. Det er det som er uhyggjeleg», seier teatersjefen. I eit avisinnlegg søndag skreiv han at sjølv om reaksjonane på stykket har gjort inntrykk, kjem det til å gå som planlagt. Han skjønner dei pårørande og vonar dei har indre styrke, nære vener og hjelp nok til at dei ein dag kan kome til eit punkt «hvor smerten ikke er ubærlig».

Eg skil ikkje mellom rett og gale, men er det eit argument mot stykket at det ville vere utenkjeleg på det noverande tidspunkt i Norge? Er bruken av eit manifest heile verda kjenner innhaldet til, umogleg og usømeleg i ei teateroppsetjing i august, i eit anna land? Utan samanlikning elles rasa den opprivande karikatursriden lenge i Danmark før Norge, media og norske politikarar fekk han i fanget og ikkje alltid viste seg situasjonen vaksen. Om 22. juli-hendinga er av eit anna format, er ho lik 11. september-hendinga i 2001 ikkje berre eit nasjonalt traume. Lik karikatursriden har ho også sett ein dagsorden som speglar seg att i debatten om politisk ekstremisme, om religion og den heilage ytringsfridomen vi alle kappast om å hylle.

Då den niqab-kledde Aisha Shezadi før siste helg ikkje berre kom med bramfrie fråsegner i reportasjeboka *Søstre*, men også støtta den omstridde demonstrasjonen framfor Stortinget samstundes som det vart kjent at ho deltek i ein føredragsturné på vidaregåande skular i regi av Foreningen !Les og Norsk Faglitterær Forening, samanlikna to kjende ekspertar på ekstremisme henne med Fjordman. Og vinnaren av ein pris utdelt av Foreningen !Les leverte prisen attende i protest mot at Shezadi held førelesingar for norske skuleelevar. Den omstridde seier ho ikkje vil bli sedd på som nokon offentleg samfunnsfiende, ho oppmodar dei fornærma til å kome på møta hennar med elevar, og den daglege leiaren for prisutdelaren Les! seier at niqab ikkje diskvalifiserer nokon frå å snakke. Shezadi skreiv også i den omtykte boka *Utilslørt. Muslimske tekster*, og Ellen Reiss, som har laga den framifrå reportasjeboka *Søstre* med undertittel «Hvordan unge, muslimske kvinner skaper sin egen identitet», seier at dette også er ein del av norsk islam. Så kvar står vi?

Mens fleirfaldige, men gjerne nærskylde ordskifte rasar som aldri før, er det stadig nokon som proklamerer seg bakbundne under eit «politisk korrekt» debattregime. Forstå det den som kan.

ROALD HELGHEIM